

Interpellasjon frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om byte av målform i den vidaregåande skulen

Elevar som byter målform mellom grunnskulen og vidaregåande har vore diskutert i politiske organ i Hordaland ved fleire tilhøve. Særleg har fokus vore på elevar som byter frå nynorsk til bokmål. Senterpartiet har vore og er uroa over målbytet frå nynorsk til bokmål i overgangen grunnskule/vidaregåande. Me meiner det er viktig å få kunnskap om årsakene til dette målbytet. Som eit stort nynorskfylke er det viktig at Hordaland legg forholda til rette slik at ein sikrar eit levande og aktivt nynorsk skriftspråk i Hordaland, og her har skulen ei viktig rolle.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare sendt førespurnad til Universitetet i Bergen (UiB) om å setje i gong eit forskingsprosjekt på problemstillingar rundt målbyte i den vidaregåande skulen i Hordaland. Førespurnaden vart, etter det Senterpartiet forstår, positivt motteke av UiB, men Senterpartiet er usikre på om det har kome i gong noko prosjekt på temaet.

Senterpartiet har difor desse spørsmåla til fylkesordføraren:

1. Kva rutinar har ein i fylkeskommunen for å registrere målform og byte av målform i den vidaregåande skulen? Og i forlenging av dette: kor mange nynorskelevar er det i den vidaregåande skulen i Hordaland inneverande skuleår?
2. Kva er status i dag for forskingsprosjektet på problemstillingar rundt målbyte i den vidaregåande skulen i Hordaland?
3. Kva dialog og samarbeid har ein med aktuelle forskingsmiljø og evt med Noregs Mållag for å innhente kunnskap om målbyte i den vidaregåande skulen?
4. Kva tiltak gjer fylkeskommunen for å sikre at elevar har moglegheit til å halde på målformen dei har hatt i grunnskulen?

På bakgrunn av svara frå fylkesordføraren vil Senterpartiet eventuelt kome attende med framlegg til vedtak.

Bergen 24.09.18

Alexander Fosse Andersen
Hordaland Senterparti